



O.K. Charter AS
Vestbygdvegen 11
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1332 - 15/9815

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
19.05.2015

GBNR 54/13 - Søknad om tilkomstveg til gbnr 54/37 - Orientering og trong for tilleggsopplysningar

Meland kommune stadfestar å ha motteke søknad om framføring av tilkomstveg og vassleidningsgrøft over gbnr 54/13 til gbnr 54/37, samt søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel. Søknaden er journalført 29.4.2015.

Ved gjennomgang av saka har administrasjonen blitt merksam på at omsøkt tilkomstveg er planlagd oppført i forlenging av det som opphavleg var ein ulovleg veg, men som i dag er godkjent som gangveg med bredde 1,5 meter, arkivsakid 07/679. For nærare opplysningar om sakshistorikken knytt til denne viser administrasjonen til vedlagte sakspapir frå nemnde sak. Dette er eit tilhøve som i utgangspunktet gjer at administrasjonen vurderer å avslå dispensasjonssøknaden, då det vanskeleg kan tenkast at kommunen kan gi dispensasjon for eit tiltak som tilsynelatande føreset ulovleg bruk av gangveg til køyreveg. Kommunen må halde seg til godkjent bruk av vegen.

I første omgang vert tiltakshavar orientert om ovannemnde og at kommunen stiller søknadshandsaminga i bero inntil saka er nærare opplyst.

Kommunen ber samtidig om tilbakemelding frå tiltakshavar i høve til desse opplysningane. Særskilt ber administrasjonen om tiltakshavar sitt syn på vidare saksong, om ein vil utvide søknaden til å gjelde legalisering/bruksendring av gangveg til køyreveg heilt eller delvis, eller gjere andre endringar i søknaden. Frist for tilbakemelding vert sett til 8.6.2015.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:

Sakshistorikk - Gangveg over gbnr 54-13 på Husebø

Mottakere:

O.K. Charter AS

Vestbygdvegen 11 5918

FREKHAUG